



## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen,  
Hans Erik Waage, Tone Sævi og Vivian Rognsvåg

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Saksoversikt: F 01 - 03/2020

F 01/20	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERAT FRÅ 10.12.2019</b>
Vedlegg	Møteboka frå 10.12.2019 (sjå heimesida) Innkallinga 04.02.2020 (sjå tidlegare epost)
<b>Vedtak:</b>	Referat godkjent uten merknader.

F 02/20	<b>ORIENTERINGAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kontantbehandling av offer. Orientering om ny praksis.</li><li>• Førebels økonomioversikt for 2019.</li><li>• Orientering frå leiar i soknerådet (ikkje offentleg)</li><li>• Informasjon frå leiar i soknerådet om at det er bestilt ei messinglist til å dekke det slitte teppet i trappene i kyrkja.</li></ul>

F 03/20	<b>FESTEAVGIFT FOR GRAVMINNER VED KYRKJA</b>
	<p><b><u>Framlegg til vedtak:</u></b> <i>Fedje sokneråd ber Fedje kommunestyre om at innkrevjing av festeavgifter for gravminnene rundt kyrkja opphøyrer inntil vidare og inntil ein har fått laga ein verneplan for kva for gravminner som skal bevarast for ettertida - på gravferdsforvaltninga sin kostnad og ansvar.</i></p> <p><b><u>Bakgrunn:</u></b> Soknerådet gjorde i sak 36/19 følgjande vedtak:</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><i>Soknerådet sender sak 36/19 tilbake til kommunestyret. Kyrkjeverje utreder for rådmann kva punkt som må avklarast for så at det blir meldt opp ny sak til kommunestyret.</i></p> <p>Kyrkjeverja har hatt eit møte med rådmannen, blant anna om denne saka. Han ønskjer ei utgreiing og vedtak frå fellestyret, som grunnlag for handsaming i kommunestyret i mars månad 2020.</p> <p>Nye festeavgiftssatsar vart som kjent vedtatt av kommunestyret i sak 52/18 den 25.september 2018. I dette vedtaket hadde kommunestyret lagt til følgjande ordlyd i siste avsnitt: <i>«Kommunestyret ber rådmannen om å koma attende med ei sak for å drøfta ulike måtar å sikra gravene rundt kyrkja som kulturminne. Inntil vidare skal desse gravsteinane stå.»</i></p> <p>Det er dette siste avsnittet som har skapt ein del forvirring og motstand. Gravminnene rundt kyrkja er dei eldste og over 60 år gamle. Nokre er festa, andre har ikkje festar og nokre ønskjer gravene sletta.</p> <p>Så lenge dette er vedtatt så er vi i ein situasjon der dei som vil sletta gravene sine ikkje får lov til dette og dei som er festarar synes det er urimeleg å betala festeavgift for gravminner som kanskje vert tatt vare på for framtida. Gravminner som vert bevart for ettertida skal haldast vedlike på gravferdsforvaltninga sin kostnad og ansvar.</p> <p>Det er difor soknerådet si vurdering at festeavgifter for gravminnene rundt kyrkja opphøyrer inntil vidare (frå og med at dette vert vedtatt i kommunestyret) og inntil ein har konkludert med kva for gravminner som skal bli tatt vare på. Denne konklusjonen bør gjennomførast ved å laga ein <b>verneplan</b>, der denne utvelginga skjer som ei samla vurdering som også vil vera fagleg fundert.</p>
<b>Vedtak:</b>	Fedje sokneråd godkjenner framlegg til vedtak slik det ligg føre.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen, Hans Erik Waage, Tone Sævi og Vivian Rognsvåg

Saksoversikt: S – 01/20 – S 03/20

S 01/20	<b>GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 10.12.2019</b>
Vedlegg	Referat frå 10.12.2019 (sjå heimesida) Innkalling for 04.02.2020 (sjå tidlegare tilsendt epost)
<b>Vedtak:</b>	Innkalling til møtet godkjent uten merknader.

S 02/20	<b>ORIENTERING</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om kyrkjelydens årsmøte (11.03.2020)</li></ul>
S 03/20	<b>UTLEIGEREGLEMENT (OG PRAKSIS) FOR KYRKJA</b> Vedlegg: «Regler for bruk av kirkene»
	<b><u>Framlegg til vedtak:</u></b>  <i>Saka vert lagt fram som ei drøftings sak i denne omgang.</i>  <b><u>Bakgrunn:</u></b> Vi har leita litt etter kva som er gjeldande utleigereglement for kyrkja, og har funne det som står under, frå eit vedtak i soknerådet frå august 2017:



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## For utleige av kyrkja ved konsertar eller tilsvarande tilskipingar:

15% av bruttoinntekta med minimum på 1500,-  
Tilskipar som har barn og unge som målgruppe (kor, korps, kulturskulen) kan leige gratis.  
I tillegg kjem utgifter til brannvakt, kyrkjetener og reinhald.

## For utleige av kyrkja til kyrkjelege handlingar utanfor gudstenester:

Vigsel når ingen av brurfolket er busett i kommunen kr. 1500,-  
I tillegg kjem utgifter til organist, kyrkjetener, reinhald og skyssgodtgjersle.  
Vigsel når ein eller begge brurefolka bur i kommunen kr. 0,-  
Gravferd når avdøde ikkje var busett i kommunen kr. 1500,-  
I tillegg kjem utgifter til organist, kyrkjetener, reinhald og skyssgodtgjersle.  
Gravferd når avdøde var busett i kommunen kr. 0,-

## For utleige av kyrkja til kyrkjelege handlingar ved andre trussamfunn:

Vigsel eller gravferd kr. 1500,-  
I tillegg kjem utgifter til organist, kyrkjetenar, reinhald og skyssgodtgjersle

## Aktuelle problemstillingar:

- Ved inngangen til ein ny soknerådsperiode passar det bra å gå gjennom reglar og rutinar for utleige av kyrkja. Det ligg føre eit tidlegare vedtak frå 2017, som ein kan ta som eit utgangspunkt. Eventuelt endra utleigesatsar og kriteriar for utleige av kyrkja, skal endeleg godkjennast av bispedømerådet (§ 20 i Kyrkjelova).
- Slik gjeldande reglar er, har ein ikkje definert kva som skal vera kostnader ved bruk kyrkjetenar/reinhaldar, i tillegg til grunnlagssummen, som for tida er kr 1.500,-. Slik gjeldande reglar er utforma, kan det også sjå ut som tilskipingar for barn og unge utanom soknerådet sin regi, uansett må betala for kyrkjetenar og reinhald. Spørsmålet er om dette var intensjonen med vedtaket.
- På sist stabsmøte kom det opp at det er for mange som har tilgang til kyrkja og at den av og til vert brukt utan kyrkjekontoret og dermed kyrkjetenar veit om dette. Vi



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>snakka om at det er behov for å stramma inn dette og at sekretær må ha full oversikt på bruken av kyrkja.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vi har også hatt ein runde med eventuell bruk av kyrkja til ei borgarleg vigsel (der ordførar var vigselsmann). Her har prest og prost hatt ein runde seg i mellom og velde i den konkrete situasjonen å vera positivt avventande i tilfelle dette vart aktuelt - noko det ikkje vart. Likevel reiser dette ein del prinsipielle spørsmål som soknerådet bør drøfta. Er det greitt at kyrkja vert brukt til borgarleg vigsel? Ei heilt anna sak vil til dømes vera spørsmål om bruk av kyrkja til ei humanetisk gravferd. Dette vil ikkje vera lov i følgje utleigereglement for bruk av kyrkjene § 4, vedtatt av Kyrkjemøtet i 2015.</li></ul> <p><b><u>Aktuelle reglar:</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kyrkjelova § 20 regulerer i kva tilfelle ein kan ta betaling for bruk av kyrkja.</li><li>• Tenesteordning for prestar regulerer prestens ansvar for å gjennomføra forordna gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, med det beslutningsansvaret som ligg til dette.</li><li>• «Reglar for bruk av kyrkjene» - fastsett av Kyrkjemøtet 15.april 2015. Desse reglane regulerer bruken av eit vigsla kyrkjerom utanom forordna gudstenester og kyrkjelege handlingar.</li></ul> <p>Generelt så må einkvar som leiger kyrkja til andre formål enn gudstenester og kyrkjelege handlingar, ta omsyn til at kyrkjerommet er eit vigsla rom, som er brukt til oppbygging og til Guds ære. Difor kan ikkje kyrkjerommet brukast til dømes av «ikke-kristne tros – og livssynsamfunn til utøvelse av deres tro eller religion» som det står i § 4.</p> <p>§ 5 regulerer soknerådet sitt ansvar for bruken av kyrkja. Kap 3 og §§ 7 – 11, regulerer soknerådet sin utleigep praksis av kyrkja. Kap 4 og §§ 12 -14, regulerer presten si bruk av kyrkja, medan § 15 regulerer samarbeidet mellom prest og sokneråd.</p>
<b>Vedtak</b>	<p>Soknerådet drøfta saka og ønskjer forslag til endring av utleigereglement, samstundes som dei konkluderte med følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• ønskjer ikkje bruk av kyrkja ved borgarleg vigsel</li></ul>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none"><li>• ønskjer ikkje at det skal fakturerast for brannvakt, kyrkjetenar og reinhald ved arrangement for barn og unge</li><li>• gjennomgang av liste over kven som har nøkkel til kyrkja, og seier seg einig i at bruken må registrerast ved at ein melder i frå til sekretær. Grete vil skrive ein notis om dette i neste utgåve av Kvardag &amp; Helg</li><li>• ønskjer å vidareføre ordning med at brurefolk som har tilknytning til Fedje får gifta seg vedarlagsfritt, til dømes unge som har flytta ut av kommunen pga. utdanning</li><li>• ved utabygds bryllup og gravferd er det fornuftig å leggja seg på Austrheim sokn sitt prisnivå</li></ul>
<b>Eventuelt</b>	<p><b>Tone:</b> Forslag om å fase ut salmekveld og ta den inn i temagudsteneste, 1 til 2 gonger i haust- og vårhalvåret. Fordel med forsangarar, evt. at det blir øvd inn nye songar. Gjerne fortsette med litt større arrangement, med kjente salmediktere, liknande som Lina Sandell.</p> <p><b>Hans Erik:</b> Informerte om defekt trådløs mikrofon i kyrkja. 2 års garantitid er utløpt. Kostnad på evt. reparasjon er uviss. Ved behov for fleire mikrofonar er løysninga ei felles låneordning mellom kyrkja/skule/rockeklubb.</p> <p><b>Edvard:</b> Informerer om motteke misnøye på for dårlig annonsering av gudstenester.</p> <p><b>Grete:</b> Spør om leigeavtale med Fedje bedehus framleis eksisterar. Elisabeth Tungland Gullaksen bekrefter avtale på kr. 6000,- pr. år. Det er ikkje sendt faktura for 2019.</p>